



Jula 2005

- Julehelsing frå biskopen
og frå våre misjonærar i Nepal
- Forjulsprat med Bjarne Thaulle
- Bilete frå Konfirmantjubilea
- Anna nyttig lesnad

Julegåvetips:

- Jubileumsboka til
Bergsdale kyrkje

Me ynskjer alle
ei god jul,
og eit godt nytt år!



VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret for Vaksdal
Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Fax 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30

onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf. 90 19 65 14

E-post: soknepresten@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

E-post: kapellanen@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@c2i.net

Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Telefon til soknerådsleiarar

Stammes: Odd Helland, 56 59 81 33

Eksingedalen: Britt Nese, 56 59 58 12

Felles for Vaksdal, Dale, Bergsdalen og

Nesheim: Ragna Lid, 56 59 89 20

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret
innan 1.mars. Neste nr. kjem til påske.

*Gløym ikkje
julefreden!*



Tenk deg ein vanleg desember månad. Kveldane vert mørkare, snøen som plar gje oss lys i måneskinnet manglar gjerne. Mørkt når ein reiser på arbeid, mørkt når ein kjem att. Sakte kjem kjensla av at ein treng ein pause, litt fri.

Men så brakar det laust med julehandel, juletilbod, gåver til store og små. Mat og drikke må på plass. Noko ekstra må kjøpast inn, i fall det vert straumbrot, uventa gjester, monsternedbør eller slikt. Julefreden krympar inn, den varer kanskje frå klokka fem når pinnekjøtet kjem på bordet julaftan, og til litt utpå kvelden fyrste juledag.

Ta heller sjansen på å seinke skuldrene. Ikkje gløym å slappe av og feire jul! Lat lodottane ligge bak døra i gangen, set deg ned og kvil. Jula treng ikkje verte stussleg sjølv om ein slakkar på krava til pynting og gåver. Det viktigaste er å ta inn over seg den glade budskapet:

I kveld er det fødd Dykk ein frelsar,
-som ikkje dømer deg ut frå kor dyre gåver du har kjøpt!

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. Og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

GUD HAR FÅTT NY ADRESSE



“Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede”, seier engelen den natta då Jesus vart fødd (Luk 2,10). Dei orda er sanne. Julenatt er vendepunktet i tida, høgdepunktet for kjærleiken, utgangspunktet for frelsa og midtpunktet for tilbedinga.

Det har tatt tid for meg å sjå det slik. Som prest har eg bora og bora i juleevangeliet, eg skal jo seie noko nytt om den gamle bodskapen kvar einaste jul. Men det har skjedd med meg som med mange andre: På vegen inn i tekstene vart merksemda fanga av det ytre: Det vakre ved at det handlar om eit barn. Det sørgjelege ved at der var så lite gjestmildskap på jorda. Maria som var fortvila og gjetarane som var forskrekka. Vi må lengre inn i bodskapen. Lengre inn og djupare ned.

Jesu fødsel markerer **vendepunktet i tida**. Gud har meldt flytting og skifta adresse. Han har flytta inn i gatene våre, heimane våre og i dei risikofylte livsprosjekta våre. No er det “før og etter Kristus”.

Og det har han gjort utan nokon som helst garanti for å verte tatt imot. Julenatt er **høgdepunktet for kjærleiken**. Gud tok på seg menneskekropp, endå han visste at det ville koste han dyrt. Med evig kjærleik har han elska oss (Jer 31,3). No orka han ikkje vente på oss lenger.

Julenatt er **utgangspunktet for frelsa**. Det er klart at det måtte kome eit framhald. Den store frelseshendinga fann stad då han døydde for oss på krossen. Men utgangspunktet er hendinga julenatt, då Gud vart menneske. Vi fekk ein bror som kunne ta over på våre vegner i møte med synda og dauden og Satan si makt.

Derfor vert julenatt **midtpunktet for tilbedinga**.

Guds grenseoverskridande handling er så vedunderleg og merkeleg at den eigentleg berre kan møtast sakssvarande i tilbedinga. Vi leiter etter ord og formar dei i lovsong. Vi lengtar etter svaret og finn det i stilla. Saman med englane i himmelen seier vi:

“All lov og pris og visdom, takk og ære, makt og velde høyrer vår Gud til i all æve.”
(Op 7,12).

Ole D. Hagesæther, biskop i Bjørgvin

DEI NYE SOKNERÅDA OG KYRKJELEG FELLESRÅD

Sokneråda og fellesrådet har hatt sitt fyrste møte



Vaksdal kyrkjelege fellesråd: Frå venstre Kyrkjeverje Svein Tøsse, Ragna Lid, Odd Dyvik, Odd Helland, Karin Nordheim Flatekval, Gudrun Boge Karlsen, Anne Synnøve Nesheim, sokneprest Frode Kvamsøe.

Det er val av leiarar og nestleiarar i sokneråda og i fellesrådet kvart år.
Dei som er valte til medlemmar i fellesrådet er medlemmar heile fireårsperioden.
Kyrkjeverja er sekretær og sakshandsamar for fellesrådet.

VAKSDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

Medlemmar:

Leiar 2006: Odd Helland
Nestleiar: Gudrun Boge Karlsen
Medlem Karin Nordheim Flatekval
Medlem Odd Dyvik
Medlem Ragna Lid
Medlem Anne Synnøve Nesheim

Varamedlemmar:

- Anne Margrete Eikefet
- Margrete Jamne
- Ikkje valt enno.
- Eli Leiren
- Anne Hilde Fosse Osvold
- Atle Bergo

Geistleg repr: Sokneprest Frode Kvamsøe. Vararepr: Kapellan Edvard Bø
Kommunal repr: Ordførar Øivind Olsnes. Vararepr: Varaordførar Anneli Vatle Lilletvedt

STAMNES SOKNERÅD

Medlemmar:

Odd Helland, leiar
Anne Margrete Eikefet, nestleiar
Torunn Eikemo
Olaug Lunde Stamnes
Monica Myster Dyvik
Arnljot Myster
Kapellane

Varamedlemmar:

Lisbeth Lunde
Arne Vik
Marit Sandal
Björg Dæmring Berge
Erna Vedaa

EKSINGEDALEN SOKNERÅD

Medlemmar:

Britt Nese, leiar
Karin Nordheim Flatekval
Tone Flatekval
Rune Nesheim
Soknepresten

Varamedlemmar:

Jostein Fjellanger
Kari Brørvik
Bjørn Eikefet
Bjørn Finne
Grete Haugen

FELLES SOKNERÅD FOR VAKSDAL, DALE, BERGSDALEN OG NESHEIM

Forsøksordninga med felles sokneråd er gjennomført for desse fire sokna. I tillegg er det valt kyrkjelydsutval i desse fire sokna, som etter kvart vil få tildelt mandat og oppgåver i samarbeid med det felles soknerådet. Kyrkjevevja er sekretær og sakshandsamar.

Frå Vaksdal sokn:

Medlem: Gudrun Boge Karlsen

Varamedlem: Margrete Jamne

Frå Dale sokn:

Medlem: Odd Dyvik

Varamedlemmar:

Eli Leiren og Ragnhild Lønne

Frå Bergsdalen sokn:

Medlem: Ragna Lid

Varamedlemmar: Anne Hilde Fosse Osvold og Kari Mona Hernes

Frå Nesheim sokn:

Medlem: Anne Synnøve Nesheim

Varamedlemmar:

Atle Bergo og Oddvar Fosse

KYRKJELYDSUTVAL

Vaksdal

Kari Bø, Kjell Nysted,
Kristin Straume Audestad
Astrid Tonstad, Asle Georg Karlsen

Dale

Gerd Hårvik, Ingrid Leiren, Reidun
Dalseid.
Varamedlem: Palma Myklebust

Nesheim

Frøydis Gullbrå, Albert Gullbrå,
Solfrid Urke Nese
Varamedlemmar:
Asbjørn Nese, Anny Gullbrå.
Magnar Nese

Bergsdalen

Per Småbrekke, Berit Pettersen,
Anne Hilde Fosse Osvold
Varamedlemmar:
Kari Mona Hernes, Kari Rødland
Aslak Berge

TRENG DU HJELP?

- Kanskje me kan hjelpa deg?

Dersom du har nokre praktiske oppgåver som skulle ha vore gjort, og samstundes ynskjer å støtta arbeidet til Norges samemisjon i Russland, då kan kanskje me vera dei rette for deg.

Me kan hjelpa deg med det meste av enkle praktiske gjeremål.

På denne måten ynskjer me i Barne- og ungdomsrådet til Bergen krets av Norges samemisjon å samla inn pengar til arbeidet blant vanskelegstilte menneske på Kola-halvøya.

Sjå elles www.samemisjonen.no for meir informasjon om arbeidet der.

Ta kontakt med Åshild E. Rene på tlf 99 16 57 14

STANGHELLE BARNESONGKOR

Det er starta opp eit songkor for born, på Stanghelle. Øvingane er rett etter skuletid annankvar tysdag ca kl. 1400. Alderen er i utgangspunktet sett til 5-7.klasse, men er ope for 4. klassingar med song-interesse, og som har høve til å møte i denne tida.

Øvingane føregår på Stanghelle bedehus og er eit samarbeid mellom Indremisjonen og kyrkja. Det vert sett opp plakat for vidare øvingar etter jul.

For fleire opplysingar kan ein kontakte kantor Tone Synnøve, tlf 56 59 56 25.

Julehelsing frå Nepal

Familien Gullbrå er våre misjonærar i Nepal, og her er ei ny helsing frå dei.

Her i Kathmandu går det bra. I skrivande stund (slutten av november) er borna litt småsjuke, men det er berre forkjøling som fer forbi. Det er jo tida for det no når det skiftar til litt kaldare dagar (og netter). I solsteiken midt på dagen er det fint enno, og lufta er rundt 20 grader på dagen, så me kan vel ikkje klaga.

Så langt denne hausten har det vore litt vanskeleg å få konsentrert seg skikkeleg om arbeid. Nokre få veker etter at me kom attende til Nepal braka festival- og ferisesongen laus for alvor. Då er det dei store hindu-høgtiden Dashain og Tihar. Det er omtrent som å ha jul- og påskeferie med to vekers mellomrom. Me nytta den første feriebolken til å få oss ein flott familietur til Tansen og Pokhara vest i landet (sjå bileta på heimesida www.gullbra.net).

Fram til 25. november arbeidde Kjartan i ingeniørfirmaet Hydro Consult. Etter denne datoen byrja han i ny stilling som "Enterprise Development Advisor" (rådgjevar for næringsutvikling) i United Mission to Nepal. Meininga er at han hovudsakleg skal arbeide med eit prosjekt som heiter "Pro Poor Hydropower" (PPHP), eller "Vasskraft for dei fattige". Prinsippet for PPHP er litt det same som det som skjer på Eksingedalen for tida, der fattige småbønder skal få eigarskap i eit kraftverk, og få inntekter frå sal av elektrisk kraft. I motsetnad til Eksingedalsbøndene har ikkje dei fattige småbøndene i Nepal noko kapital å investere, så det må tilretteleggjast slik

at dei kan tene aksjar m.a. gjennom å bidra med sin arbeidsinnsats til kraftverket. Tanken er å bygge eit pilot-kraftverk på ca 1MW (1000 kW) der målet er at dei fattige bøndene skal eiga minst 50% av aksjane. Gjennom dette håpar me at ein stad mellom 300 og 500 fattige familiar på sikt skal få ei inntekt. I første omgang må prosjektet utgreiast nøye, ikkje minst med tanke på å involvere dei fattige frå lokalsamfunnet. Det er søkt NORAD om støtte til å utgreie dette i 2006, og me håpar på positivt svar derifrå.

Ettersom det nemnde kraftverket etter planen skal byggast i Dhading distrikt vest for Kathmandu, og UMN også har anna arbeid der, er planen at me flyttar til Dhading neste år ei gong. Det er mange brikker som skal falla på plass før så skjer, men me håpar enno. M.a. må



me få visum til å vere her i landet ei stund til. Så langt har enno ikkje UMN sin prosjektavtale med myndigheitene for dei neste 5 åra blitt underteikna. Den eksisterande avtalen gjekk ut 25. november. Alle UMN utsendingar har fått 3 månaders forlenging av eksisterande visum, så det er inga umiddelbar krise. Likevel er det viktig for oss å få avtalen i

boks, slik at det går an å planlegge litt framover.

Elles held me framleis kontakt med våre vener i kyrkjene i Nayapati og Bhaktapur, men med ein liten amme-gut i familien begrensar det utferdene litt.

På grunn av Eivind Prakash har heller ikkje Elisabeth arbeid noko utanfor heimen i haust. Det er jo ein liten jobb i seg sjølv å bringe og hente dei to største til/frå barnehagar. Kanskje etter jul vil Elisabeth starte litt med deltidsarbeid for Early Childhood Education Centre, men det blir nok uansett Eivind som er hovudfokus ei stund til. Borna trivst framleis i barnehagane sine og i Nepal generelt. Ingrid Marie byrja i Kathmandu International Playgroup & Preschool no i oktober, og ho finn seg godt til rette. Ho har allereie fått dreisen på nokre få engelske ord. Eivind veks stadig, og han får utruleg med merksemd og

kompliment uansett kvar me tek han med.

No ser me fram til advent- og juletida. Sjølve jula skal feirast i Hua Hin i Thailand saman med Elisabeth sin familie. Det er ikkje heilt det same med jul utan snø og alt som lagar "ekte" julestemning, men julebodskapen er den same: "Oss er ein Frelsar født!" Det er utruleg å få sjå alle dei tusen i Nepal som er med å feirar at Jesus Frelseren blei født. Det er ikkje mange tiår sidan det nesten ikkje var kristne her i det heile, og no er kyrkjene fulle! Det er det verd å takka for!

Me set stor pris på all den støtte og forbøn som me får frå dykk!

God jul og godt nyttår frå
Elisabeth, Kjartan, Ole-Johan,
Ingrid Marie og Eivind Prakash

Vaksdal Misjonsring har feira 75-årsdag



Frå venstre: Jorunn Olsen, Alvhild V. Eide frå NMS, Bodil Boge, Ruth Fossberg, Liv Sæther, Brita Boge, Ovidia Herfindal og Kari Eilifsen. Helga Brørvik og Astrid Tonstad er og med i Misjonsringen.

I oktober kunne Vaksdal Misjonsring feire 75-årsjubileum. Dei inviterte til fest i Vaksdal bedehus, og frå Det Norske Misjonsselskap (NMS) kom Alvhild Vassel Eide og Edel Sørvik. Dei bidrog med andakt og bilete frå misjonsarbeidet i Kamerun, der har NMS halde på om lag sidan

Misjonsringen starta opp. Gjestene hadde og med helsing, diplom og bok til jubilaranten. Misjonsringen vart starta av Gunvor Bjørsvik, og har møter to gonger i månaden i bedehuskjellaren. Og dei tek gjerne imot fleire medlemmer!

60-ÅRS KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 9.OKTOBER 2005



Foran frå venstre: Edvard Johan Johansen, Torbjørg Lie Johansen, Kirsten Grøttå Takvam, Aud Lilleskare Veka, Simon Hvidsten.
2.rad frå v.: Eiliv Hesjedal, Arnulf Grøttå, Svein Strømme, Kristian Helle, sokneprest Frode Kvamsøe.

50-ÅRS KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 9.OKTOBER 2005



1.rad frå venstre: Gerd (Roe) Gjerd, Wenche Bryn Holvik, Grete (Teigen) Gletne, Åse Lillkeskare Faugstad.
2.rad frå v.: Annie (Myklebust) Gregersen, Jane (Hvidsten) Brattabø, Sylvi (Vaksdal) Fotland, Oddbjørg (Langhelle) Ulveseth, Marit Arne, Irene (Strømme) Owe, Irene (Fadnes) Dankertsen.
3.rad frå v.: Jan Henry Cleveland, Svein Takvam, Olav Hernes, Kjell (Salhus) Sælen, Finn Kvamme, Kjell Jonny Berge, Erling Lid, Oddvar Øye, sokneprest Frode Kvamsøe.

50 ÅRS KONFIRMANTAR I VAKSDAL KYRKJE 16.OKTOBER 2005



Foto: Kjell Nysted

Bak frå venstre: Arvid Magnussen, Anders Thomassen, Malvin Birkeland, Fredrik Thomassen, Malvin Birkeland, Fredrik Thomassen.

Foran frå venstre: Gjertrud Olsnes Hauge, Anne Marie Nilsen Bruvik, Johanne Marie Eide, Karin Thomassen Brekken

50-ÅRS KONFIRMANTAR I STAMNES 2005



Foto: Sigmund Simmenes


Foran frå venstre: Anna Margrethe (Jakobsen) Øvrevik, Magny (Lillevtedt) Jakobsen, Bjørg Kristoffersen) Sunfjord, Sylvi Lillian (Kalvik) Nilsen og Margot (Straume) Langhelle.

2.rekke: Else Drangevåg Moberg, Liv Kari Ness, Solfrid Jorunn Kvamme Myklebust, Berit Vik Sørensen.

Bakerst: Svein Tore Johnsen, Anne Lise Leiren, Margit Dagmar (Hagen) Hårvik, Liv Astrid (Straume) Magnussen, Gunnar Magne Dæmring, Ragnar Trohjell, Åge Straume.

GLAD OVER Å FÅ VERE I GUDS HENDER - ein førjulsprat med Bjarne Thaule

Bjarne fylte 100 år i sommar, og er den eldste innbyggaren i Vaksdal. Mange hugsar han frå hans mangeårige arbeid på Dale Handelsforeining, men han er og hugsa av mange som lærar i sundagsskulen, og for sitt enga-sjement i det kristne arbeidet elles. Bjarne har vore enkjemann dei siste åra, Gudrun døyde i 1998. Dei fekk to søner, og Bjarne har så langt 7 barneborn. Like før hundreårsdagen i sommar fekk han jamvel oppleve å bli oldefar, og i haust fekk han gleda av å vere med i barne-dåpen på Sørlandet.



Du har levd i eit hundreår med endringar på dei fleste områder, korleis ser du på denne utviklinga?

- Det har vore ei fin utvikling. Me gamle har det fint, det er einestående korleis dei tek seg av oss. Eg får hjelp til frukost, middag

og kveldsmat. Slik var det ikkje for dei gamle før. Mine foreldre gjekk i fabrikk frå seks om morgonen til seks om kvelden, med ein times middagspause. Når ein vart gamal, var det borna som måtte hjelpe til. Pensjon er ein god ting, dei gamle før fekk ingen ting.

- Me var ti sysken, men tre av dei vaks ikkje opp, og ein bror døydde i 27-årsalderen. Eg som var den svakaste, vart den som levde lengst.

- Eg byrja i fabrikk då eg var ung, men hadde berre arbeid i eitt år då alle måtte gå heim grunna streik. Men eg fekk ikkje koma attende. 17 år gamal byrja eg i Dale Handelsforeining, og der var eg i 52 år. Eit halvt år på framhaldskule fekk eg og, før eg byrja på Handelsforeininga. Me var 10-12 elevar som heldt til i Forsamlingshuset, på kvisten over inngangen.

Korleis feira de jul då du var liten?

- Eg freista å spare litt av dei pengane eg tente på å gjere småtenester for folk, slik at eg kunne kjøpe presangar til sysken/familien. Det vart ikkje dyre presangar. Mor sydde fine klede til oss alle saman, og det gjorde ho om kveldane, etter arbeidet. Jentene fekk kjolar, og me gutane fekk dress. Matrosdress, kalla me det. Eg var veldig kry av dressen min.

- Om kvar dagane gjekk me i tresko, om sundagane i kloggar. I konfirmasjonsalderen fekk me støvlar. Me hadde berre to par støvlar til tre gutar, så når det skulle vere fest, vart det gjerne slik at to fekk gå, men ein måtte ver att heime.

- I jula gjekk me rundt juletreet og song, eg veit ikkje om ein gjer slikt lenger? Alle syskena var heime i jula, så me vart ein bra flokk i heimen då.

- I Forsamlingshuset var det julefestar. Me var fem ringar då me gjekk rundt juletreet, den siste måtte jamvel gå rundt talarstolen for at alle skulle få vere med. Det var mat på festane, og me kunne velja om me ville ha varm kakao eller saft til maten.

No ser Bjarne fram til jul, om berre helsa held. - Men uansett er eg glad over å få vere i Guds hender.

Har du nokre minner frå gamlekyrkja på Dale?

Eg hugsar fyrste gongen eg kom inn i kyrkja, då var eg saman med mor. Det var som å koma inn i himmelen, tykte eg, og eg fekk sjå altartavla med Jesus. Og så var det fint å gå til nattverd, då eg byrja med det.

Neste år er det 50 år sidan den nye kyrkja på Dale vart vigsla. Hugsa du noko frå vigslinga?

Prosesjonen inn var stasleg og fin. Det var litt rart at det ikkje var noko altartavle men berre ein kald vegg. Eg sakna den som var i gamlekyrkja. Men eg var veldig begeistra for den nye kyrkja. Seinare var eg klokkar i 12 år, ei oppgåve eg var glad for å ha.

Korleis gjekk det til at du byrja å tru på Jesus, Bjarne?


- Eg trudde tidleg på Jesus. Eg hugsar då eg var seks år og gjekk på sundagsskulen. Der song songen "Gud vil jeg skal være et solskinnsbarn". Eg kjende det som eit kall, då me song han, eit kall til å vere eit Guds barn. Då eg var 14 år var det vekkelse her, og eg tok valet om å følgja Jesus. Eg gløymer ikkje den dagen det skjedde. Dale var ein så fin stad, tenkte eg då eg gjekk heim. Sidan har Gud halde si hand over meg. 17 år gamal vart eg sundagsskulelærer, og har vore med i indre- og ytre misjonsarbeidet fram til i 1993, då eg kjente at mi tid som aktiv i det arbeidet var over.

- På sundagsskulen reiste me ofte på tur. Ein lengre sundagsskuletur hadde me kvart år, men og somme sundagar hadde me samlingane ute i det fri. Til dømes i "Ljomaljoden" i Bergsdalsvegen, då hadde me både leik og aktivitetar, og vanleg sundagsskule.

Jubileumboka til Bergsdalen kyrkje er ferdig trykt, og truleg vil mange bøker liggje under juletreet i år. Boka er på 220 sider, og har i tillegg ein DVD med film frå vigslinga i 1955, og ein frå jubileet i 2005.

Boka kan kjøpast følgjande stader:
Petersen og Ypsøy, Dale
Dale MIX Imbiss, Dale
Voss Libris, Voss
Notabene, Voss Amfi
Bygdnytt, Øyrane Torg

Boka kan og kjøpast på Kyrkjekontoret på Dale, og hjå medlemene i Bergsdalen sokneråd



Dei bygde draumen

I eldre tid sokna folket i Bergsdalen til Evanger. Kyrkjevegen gjekk over fjellet i allslags ver, med dåpsborn og likkister. Ei mystisk oppleving på kyrkjeveg skapte draumen om eiga kyrkje, for fleire hundreår sidan. Draumen slumra lenge i fjellfolket sine sinn.

I 1918 kom nokre dollar frå Amerika, øymerka kyrkje i Bergsdalen. Draumen livna til aft, men harde trettiår og krig stoppa det meste.

I 1943 valde folket ei kyrkjenemnd, to kvinner og fire menn. Deira oppdrag var å byggja draumen - med granitt meisla ut or eige grunnfjell. I 1955 vart kyrkja vigsla.

I denne boka kan du lesa om gamletida, og om den enorme innsatsen kyrkjebyggjarane gjorde. Om problem og løysingar; om dugnadsånd, om steinbrytinga; om vonde konflikter, om ein overarbeidd arkitekt; om uredde snikkarar frå Voss og raske murarar frå Fana.

Alle dei gode hjelparane frå by og bygd som gav pengar, ting, praktisk hjelp og moralsk støtte er ikkje gløynde. Heller ikkje den unike soknepresten, eller kvinna bak kyrkjebyggjaren.

Å skaffa nok pengar vart største pina. Staten gav aldri ei krone, men Evanger kommune gav det dei makta.

Korleis etterkomarane forvaltar skatten kyrkjebyggjarane gav dei, får også fyldig omtale. Boka har fleire fotoreportasjer pluss ei mengd andre bilete. Ein del er frå byggeperioden.

I permen finn du ein DVD med film frå både vigsledagen i 1955 og frå jubileumsdagen i 2005.

Jubileumsknemnda
Utjevar: Bergsdalen Sokneråd



januar

13-15 Leirlederhelg,
Alværa

februar

20-23 Vinterleir
2-5 klasse, Alværa

24-26 Aktivitetsleir
5-7 klasse, Alværa

24-28 EnerSki,
8-3 kl vid, Kvamseter

april

31-2 Palmeleir 4-7 klasse, Kvamseter
13-17 Familieleir, Kvamseter

mai

5-7 Fotball leir 4-7 klasse, Alværa
12-14 sms-leir, 8-3 kl vid, Alværa



NMS U

Nytt frå kyrkjeverja:

Utvidinga av Stanghelle kyrkjegard

-har vore utsett i lang tid. Om lag ein tredel av arbeidet vart finansiert for fleire år sidan, men arbeidet vart ikkje igangsett. Kommunen skulle delfinansiere utvidinga ved låneopptak. Dersom kyrkjegarden vart fullfinansiert kunne ein setje bort arbeidet som totalentreprise, men i dette høvet vart det å leite etter


løysingar for å få utført mest mogleg av arbeidet innanfor ramma. I dag er det utarbeidd ein ny forenkla plan for utvidinga, og etter vona skal arbeidet setjast i gang til våren. Kyrkjeleg fellesråd må truleg ta opp lån, med kommunen som garantist.

Bolting av gravminner

er stogga for vinteren. Arbeidet vert utført av vår vedlikehaldsarbeidar, som har 50%stilling. Det er vanskeleg å gjennomføre arbeidet no, grunna frost og snø. Sikring av gravsteinar startar att til våren, og arbeidet held fram til alle gravene på alle kyrkjegardane er sikra.

Endringar i Eksingedalen kyrkje

Vaksdal kyrkjelege fellesråd støttar søknaden frå Eksingedalen sokneråd om endring av benkane i kyrkja på Flatekval. Føremålet er å få plass til ein leikekrok for born, plass til ein lysglobe, og til rullestol. Det er og ynskje om å få ein lesepult til kyrkja. Arbeidet skal i stor grad gjerast på dugnad, eller av eigne tilsette.



Frå Eksingedalen kyrkje

Vis varsemnd med faklar og gravlykter

Det har etter kvart vorte tradisjon med gravlykter og faklar i jule og nyttårshelga, og elles i den mørke årstida. Hugs at utstyret må stå fast så det ikkje kan velte eller blåse bort. Flytande stearin trekkjer lett inn i porøse gravsteinar, og er mest uråd å fjerne. Soting førekjem og.

Etter sterk vind, finn ein ofte tomme fakkelboksar og gravlykter heilt andre stader enn der dei skal vere. Hugs å fjerne visna kransar og anna avfallet etter jul!

Annonse:

Kirkens SOS trenger flere medarbeidere!

Kirkens SOS trenger flere frivillige medarbeidere, og starter derfor nytt kurs i samtaleferdigheter og krise-håndtering. Kurset går på tirsdagskvelder med **kursstart 14. februar 2006**. Medarbeiderne har vakt ca. hver 12. dag, og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten.

For å bli med må du være over 20 år. Oppgaven er å lytte til innringer, og tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Medarbeidere skal ikke finne løsninger eller "gode råd". Velkommen til en viktig og meningsfull tjeneste og et godt fellesskap! Ring oss på tlf. **55 32 58 45** på dagtid eller **480 35 841** kveld og helg.

Du finner mer informasjon på

www.kirkens-sos.no

VELKOMEN TIL KYRKJA

VAKSDAL KYRKJE

24. desember – Julaftan kl. 16.00
Julegudsteneste. Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.

25. desember – 1. juledag kl. 11.00
Høgtidsgudsteneste. Bø. Nattverd.
Offer til Det Norske Misjonsselskap.

31. desember – Nyårsaftan kl. 23.15
Midnattsmesse. Bø.

8. januar kl. 11.00 Høgmesse.
Kvamsøe. Nattverd.

22. januar kl. 11.00 Høgmesse.
Prostiprest Haaland. Nattverd.

5. februar kl. 18.00 Familiegudsteneste. Bø. Utdeling av Det nye testamentet til 11-åringar.

12. februar kl. 16.00 "Alle tiders salmar". Konfirmantprosjekt.

5. mars kl. 18.00 Tomasmesse. Bø. Nattverd.

26. mars *Sjå Dale kyrkje!*

2. april kl. 11.00 Høgmesse.
Kvamsøe. Nattverd.

DALE KYRKJE

24. desember – Julaftan kl. 15.00 og 16.00 Julegudsteneste. Bø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

25. desember kl. 11.00
Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

31. desember – Nyårsaftan. *Sjå Stamnes og Vaksdal!*

15. januar kl. 11.00 Høgmesse.
Kvamsøe. Nattverd.

29. januar kl. 18.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe. Utdeling av Det nye testamentet til 11-åringar.

12. februar kl. 20.00 "Alle tiders salmar". Konfirmantprosjekt.

26. februar kl. 11.00 Høgmesse.
Kvamsøe. Nattverd.

12. mars *Sjå Stanghelle bedehus!*

26. mars kl. 18.00 Ung messe med konfirmantane frå Vaksdal, Dale og Bergsdalen.

STANGHELLE BEDEHUS

12. mars kl. 16.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe. Årsmøte.

NESHEIM KYRKJE

24. desember - *Sjå Eksingedalen!*

8. januar kl. 11.00 – Familiegudsteneste. Bø.

12. februar kl. 11.00 Høgmesse.
Kvamsøe. Nattverd. Årsmøte.

BERGSDALEN KYRKJE

26. desember kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Kirkens SOS i Bjørgvin.

29. januar kl. 11.00 Høgmesse.
Kvamsøe. Nattverd. Årsmøte.

5. mars kl. 11.00 Familiegudsteneste.
Bø. Skidag.

26. mars *Sjå Dale kyrkje!*

STAMNES KYRKJE

24. desember – Julaftan kl. 13.30
Vi syng jula inn. Offer til Kirkens Nødhjelp.

26. desember kl. 11.00
Høgtidsgudsteneste. Bø. Nattverd.
Offer til Normisjon.

31. desember kl. 16.00 Minnegudsteneste. Kvamsøe.

15. januar kl. 17.00 Høgmesse.
Kvamsøe. Nattverd. Årsmøte.

5. februar kl. 11.00 Familiegudsteneste. Bø. Årsmøte. Utdeling av Det nye testamentet til 11-åringar.

26. februar kl. 18.00 Høgmesse.
Kvamsøe. Nattverd.

19. mars kl. 11.00 Høgmesse.
Kvamsøe. Nattverd.

EIDSLAND KAPELL

24. desember – Julaftan kl. 14.00
Julegudsteneste. Kvamsøe.

22. januar kl. 17.00 Familiegudsteneste. Bø. Utdeling av Det nye testamentet til 11-åringar.
Årsmøte.

26. mars kl. 11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

EKSINGEDALEN KYRKJE

24. desember – Julaftan kl. 12.00
Bø. Offer til Søndagsskulen.

22. januar kl. 11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

12. mars kl. 11.00 Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Utdeling av Det nye testamentet til 11-åringar. Årsmøte.

Returadresse:
Kyrkjeblad for Vaksdal
Postboks 113
5721 Dalekvam

Slekters gang

DØYPTE

VAKSDAL

18.09 Simen Herfindal Kvalstad
18.09 Johannes Tørris Skaala Hartvedt
13.11 Magnus Mjelde

DALE

25.09 Haakon Tvetervås Terjesen
23.10 Adrian Boge Andreassen
23.10 Aurora Hesjedal Haug
23.10 Sofie Dalseid
23.10 Oda Irene Fosse Lilleskaret
23.10 Thale Faugstad

BERGSDALEN

11.09 Asbjørn Brekke Hestad

NESHEIM

30.10 Johannes Bergo
30.10 Sigve Øvstedal

AVLIDNE

VAKSDAL

22.10 Alvhild Faugstad f.1909
09.11 Oskar Malvin Langhelle, f.1928
02.12 Ole Kristian Ulevik, f.1930

DALE

07.10 Kari Langedal, f.1911
03.11 Osvald Bruvik, f.1930
26.11 Astrid Maria Trettenes, f.1921

STAMNES

07.12 Esther Anita Straume, f. 1959
09.12 Gjermund Peder Klausen, f.1916

Juletreffest i Dale bedehus

Onsdag 28.des. kl.17.00

Andakt v/Reidun Skurtveit

Enkel bevertning. Utlodning

Gang rundt juletreet

Alle er hjarteleg velkommen

Arr.: Dale Indremisjon

Julefest i Vaksdal bedehus

Laurdag 7.jan.kl.17.00

Andakt, song, gong om juletreet,
servering, utlodning

Alle er hjartelig velkommen

Arr.: Vaksdal sokneråd

Julefest i Stanghelle bedehus

Søndag 8.jan.kl.17.00

Andakt v/Anne Kari Gjerde

Gang rundt juletreet

Enkel servering

Entré kr.20,- pr. pers.

Maks kr.100,- pr. fam

Alle er hjarteleg velkommen!

Arr.: Stanghelle Indremisjon,
Søndagsskolen og barnelaget.

UTDELING AV GODT NYTT TIL 11-ÅRINGAR

22.01 kl.17.00 Eidsland kapell

29.01 kl.18.00 Dale kyrkje

05.02 kl.11.00 Stamnes kyrkje

05.02 kl.18.00 Vaksdal kyrkje

12.03 kl.11.00 Eksingedalen kyrkje

ÅRSMØTE I KYRKJELYDANE

STAMNES SOKN,

Stamnes kyrkje 15.01 kl.17.00

Eidsland kapell 22.01 kl.17.00

BERGSDALEN SOKN 29.01 kl.11.00

NESHEIM SOKN 12.02 kl.11.00

EKSINGEDALEN SOKN 12.03 kl.11.00

DALE SOKN

Stanghelle bedehus 12.03 kl.16.00

VAKSDAL SOKN 19.03 kl.11.00

VIGSLINGSGUDSTENESTE

19.FEBRUAR KL.17.00

BERGEN DOMKIRKE

VIGSLING AV KANTORAR

FORSONGARKOR

I KYRKJENE 1.JULEDAG

Dei som ynskjer å vera med i
forsongarkor, kan møta i Dale
og Vaksdal kyrkjer kl.9.45